



Renevo sitt biogassanlegg på Eldøyane tek form

**2020**  
**ÅRSMELDING**

# Sky is the limit

Gjennom teknologi og kreativitet hjelper me kundane våre å nå måla sine – og vel så det.



Zpirit er eit fullservice reklame- og kommunikasjonsbyrå som tilbyr heile tenestespekteret, frå forretningsutvikling og strategisk rådgjeving til utvikling av digitale applikasjonar og effektive kommunikasjonsløysingar i alle medium og format.

**zpirit**

# Året 2020



starta med optimisme, med planar for utviding av aktivitet i næringsrådet og tilsetjing av ny dagleg leiari var i gong. Det årlege miniseminaret på Utdanningsmessa vart avvikla den 24.januar og me arrangerte frukostmøte på HVL den 20. februar. Innspelsmøte til Nasjonal Transportplan (NTP) vart arrangert på Stord Hotell den 21.februar i regi av Vestland fylkeskommune.

Den 12.mars vart det meste endra – Noreg vart steng ned grunna Covid-19. Næringslivet vart hardt råka og det råda stor usikkerheit om korleis framtida ville bli. Styret i Stord Næringsråd gjorde vedtak om å stanse tilsetjing av ny dagleg leiari, og Anne-Grete Sandtorv vart beden om å fortsetje i jobben. Styrets vurdering var at et leiar-skifte på dette tidspunktet ville kunne slå uheldig ut både i høve til aktivitetar og økonomi, og at sitjande dagleg leiari ville ha det beste utgangspunktet for å ta Stord Næringsrådet gjennom den særskrevjande perioden som

låg føre. Styrets vurdering er at Stord Næringsråd har kome seg godt igjennom 2020 takka vera god aktivitets- og økonomistyring. Samstundes vart det gjort vedtak om å ta det planlagde sirkulærøkonomiprosjektet inn i stillinga og søke fylkeskommunen om midlar. Den 5.november fekk Stord Næringsråd tildelt midlar fra Vestland fylkeskommune til prosjektet Levande Tekstil.

Stordkonferansen 3.juni var avlyst og det vart fatta vedtak om at tema for konferansen skulle vidareførast til 2021. Avlysinga førte til tap av inntekt og driftsbudsjettet for 2020 vart justert ut frå dette. Behovet for informasjon frå medlemmene var stort, og det vart viktig å ha tett dialog om status. Det vart jobba tett med Stord kommune og Atheno for å utveksle informasjon og for å finne gode løysingar på utfordringar som dukka opp. Arbeid opp mot sentrale mynde for tiltakspakkar og endra rammevilkår vart ekstra viktig

i samarbeidet i Næringsalliansen og Vestlandsalliansen. Den 20.mai vart det arrangert eit seminar kor tema var framtida for leverandørindustrien, og kor skatteregime for oljeindustrien var tema. Stord kommune, Fellesforbundet, Atheno og Stord Næringsråd var i fellesskap arrangørar. Prosjektet «Handle Lokalt» kom i gang i samarbeid med Stord kommune, og fleire av dei andre kommunane og næringsråda i regionen.

Me opplevde at medlemmene våre hadde behov for å samlast, men det var ikkje aktuelt å ha den årlege årsfesten. Næringslivslunsjen den 23.oktober vart eit godt alternativ.

Dei ulike arrangementa og saker me har jobba med i 2020 er nærmere omtala i årsrapporten.

*Anne-Grete Sandtorv*  
**Anne-Grete Sandtorv**  
Dagleg leiari

## VISJON

**Stord Næringsråd skal vera det sjølvskrivne fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet i Stord**

## MÅL

### 1.

SNR skal vera ein synleg interesseorganisasjon

### 2.

SNR skal vera talerøy for næringslivet i Stord kommune

### 3.

SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på verdiskaping

### 4.

SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter

### 5.

SNR skal driva i økonomisk balanse

# Litt om kvart



## Samarbeid Skule – Arbeidsliv

Samarbeid Skule – Arbeidsliv arrangerte for 11. år på rad miniseminar på Utdanningsmessa den 22.januar. Målsetjinga med seminaret er å koma i direkte dialog med rådgjevarar, lærarar, skuleigarar, NAV og næringslivet, for å presentera og diskutera viktige tema for samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

Hausten 2020 tredde nye læreplanar i kraft. Fagformynginga skal vera tilpassa framtidas endringar innan teknologi og mellom anna gje elevane kunnskap om kritisk tenking, refleksjon og kreativitet. På miniseminaret presenterte Utdanningsforbundet Stord dei nye læreplanane, i tillegg til assisterande rektor ved

Rubbestadneset vidaregåande skule. Bedriftene Kværner og Wärtsilä Norway orienterte om deira behov og forventningar til framtidas arbeidskraft, og korleis dei nye læreplanane vert tatt inn i opplæringa i bedriftene.

## Styret har i 2020 hatt denne samansetjinga:

### Karoline Eldøy

ABO Plan & Arkitektur Stord  
Styrelseiar

### Einar Almås

Sparebanken Vest  
Nestleiar

### Martin Tveita

Stord Hotell  
Styremedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilet av resultatet i 2020 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2020 hatt tre hovudsamarbeidspartnerar. Resultatrekneskapen syner eit underskot på kr 122.718,-

### Kristine Aarsand Engelsen

W. Engelsen Ettf.  
Styremedlem

### Mats Tonning

Serit iDrift  
Styremedlem

### Øystein Kvalvik

Leirvik AS  
Styremedlem

I samsvar med reknesakslova §3-3 stadfestar styret at føresettaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Anne-Grete Sandtorv er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar.

Det har vore ti styremøte i 2020. Det er i 2020 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

### Odd Naustdal

Aker Solutions  
Styremedlem

### Simen Aarskog

Sparebanken Vest  
Varamedlem

### Ingvild Brekke Myhre

HVL  
Varamedlem

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Det er ikkje utført forsking i 2020. Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

# Næringsalliansen

## Viktige saker i 2020

Gjennom året er det gjennomført ei rekke medlemsundersøkingar. Den første blei presentert på fylkesordføraren sitt dialogmøte den 24.januar. Då melde medlemmane i heile fylket om optimisme og etterspurde kompetanse og arbeidskraft. Dette endra seg få veker seinare, då koronaepidemien gjorde seg gjeldande. Den mest synlege konsekvensen for arbeidet i alliansen har vore at planlagde fysiske møte har blitt avhaldne digitalt eller avlyst. Regional plan for innovasjon og næring dannar grunnlaget for Næringsalliansen sitt viktigaste arbeid i 2020. Vestland fylkeskommune bad om innspel til planprogrammet. Den 8.april sende Næringsalliansen eit brev med framlegg om å utarbeide ein scenarioanalyse for næringslivet i Vestland. Dette blei tatt til følgje, og før sommaren utlyste fylket eit tilbod som EY vann. Næringsalliansen fekk høve til å ta aktivt del i prosessen. Analysen – «Vestlandsscenarioene» – blei lansert i oktober og har fått mykje fortent merksemd. Det er liten tvil om at dette felles kunnskapsgrunnlaget vil leggje føringar for arbeidet i alliansen også i 2021. Det var planlagt eit seminar med dette som hovudtema i november, men det var ikkje mogleg å gjennomføre av omsyn til smittevernet. Det vil bli kalla inn til ei slik samling så snart det er praktisk mogleg.

## Vekst i Næringsalliansen

Aktiviteten i Næringsalliansen har auka monaleg gjennom året, og det ser ein også i tilveksten av nye næringsforeiningar. I tillegg til at samarbeidet med Sogn og Fjordane Næringsråd er blitt formalisert, har også Bømlo Næringsråd, Kvinnherad Næringsservice og Tysnes Næringsråd sluttar seg til alliansen.

Den aukande aktiviteten medfører eit behov for meir ressursar. I den reviderte samarbeidsavtalen er det semje om ei forsiktig justering av medlemskontingenenten. Det er også gledeleg at Sparebanken Vest har gitt positive signal om økonomisk stønad til alliansen.

## Næringsalliansen Vestland er ved inngangen til 2021 samansett av desse 15 næringsforeiningane og femnar no heile Vestland fylke:

Austevoll Næringsråd, Bergen  
Næringsråd, Bjørnafjorden  
Næringsråd, Bømlo Næringsråd  
  
Fikse - Etne og Vindafjord  
Næringsutvikling, Hardanger Industri,  
Kvam Næringsråd, Kvinnherad  
Næringsservice, Nordhordland  
Næringslag, Osterøy Industrilag,  
Sogn og Fjordane Næringsråd

## Føremål og strategi

Som ein konsekvens av at Sogn og Fjordane Næringsråd finn ein plass i fellesskapen, har den tolv år gamle samarbeidsavtalen blitt revidert. Næringsalliansen Vestland skal framleis vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen. Den nye avtalen peikar vidare på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerør ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

Følgjande utvalde regionale næringspolitiske tema og arbeidsmetodar er særleg viktige:

- Tilrettelegging for vekst og verdiskaping i næringslivet i Vestland.
- Ei grøn og berekraftig omstilling på vegen mot eit klimanøytralt Vestland i 2030.
- Kompetanse, rekruttering, utdanning og forsking.
- Relasjonar til lokale, regionale og sentrale styresmakter.
- Infrastruktur på Vestlandet.

# Det nye Vestlandet

var namnet på vegkonferansen 13.oktober, som vart arrangert på Scandic Flesland Airport. Næringsråda i Vestlandsalliansen (Bergen, Stavanger, Haugesund og Stord) var arrangørar i samarbeid med Rogfast og Hordfast AS. Med 2 timer mellom Stavanger og Bergen som visjon, fekk me mange spanande og gode innlegg frå bedrifter i regionen om kva dette hadde å sei for mobilitet og utvikling

av bu- og arbeidsregionar. Statens vegvesen og Nye veier, i tillegg til politisk leiing frå alle forvaltningsnivå, var positiv og begeistra for samfunnsnytten og verdien av å bygga Vestlandet saman. Det var god oppslutning om konferansen, som i tillegg til å samle rundt 220 deltakrar til fysisk framme var svært godt besøkt via streaming på Facebook.



Vegkonferansen 13.oktober

# Næringslivslunsj

Som erstatning for årsfesten valte me, grunna koronarestriksjonar å invitere til næringslivslunsj saman med vår hovudsamarbeidspartner Sparebanken Vest. Haakon Steinar Vatle hadde eit flott og inspirerande foredrag om «One Ocean» prosjektet

med Statsraad Lehmkühl som startar august 2021. Arne Torget tok oss trygt gjennom programmet i kjent poetisk og underhaldande stil. Det vart prisdryss i samarbeid med Atheno, kor Skjærgårdservice AS fekk «Nykommarprisen», og

det vart prisdryss i samarbeid med Sparebanken Vest kor Atheno fekk «Handlekraftprisen».

Og ikkje minst – høgdepunktet; utdeling av Næringsprisen 2020 til Brilleriet v/ Arnhild Myklebust

## Næringsprisen 2020



Frå venstra:  
Anne-Grete Sandtorv  
Stord Næringsråd,  
prisvinnar Arnhild Myklebust  
Brilleriet og  
banksjef Svein Ottesen  
Sparebanken Vest

## Brilleriet ved Arnhild Myklebust

”

Brilleriet har satsa på eige konsept, og har på kort tid blitt ein eigen merkevarer i konkurransen med kjedeverksemder.

Med positiv energi, god kundeservice og stort engasjement for sentrum, er Brilleriet blitt ein viktig aktør i næringslivet på Stord.

Som arbeidsgjevar har Arnhild Myklebust gått nye vegar og innført 6 timars arbeidsdag med 100% løn.

Brilleriet har no to butikkar – på Heiane og i Leirvik sentrum, og begge leverer gode resultat.



# Frukostmøta

- vår faste møteplass for  
påfyll og relasjonsbygging

Det har vore vanskeleg å samle medlemmene til ordinære frukostmøter i 2020 då smitteverntiltak i periodar har gjort det umogleg å samle så mange fysisk. I regi av Atheno, og saman med fleire av våre samarbeidspartnarar vart det derfor arrangert webinar for å halde næringslivet oppdatert på støtteordningar, endringar i permitteringsordningar og andre gode kurs for å handtere ein ny kvardag.

**20.  
februar**

Den 20. februar samla frukostmøte på HVL meir enn 40 deltagarar. Saman med Høgskulen på Vestlandet og Stord vidaregåande skule, senter for vaksenopplæring var fokus på framtidig behov for kompetanse. Kva samspele og rolle har høgskulen, og korleis kan ein laga gode program saman med næringslivet.

**25.  
juni**

Den 25. juni var det frukostmøte på Stord Hotell i samarbeid med fire ulike bedrifter i tillegg til Stord kommune. «Korleis vart di bedrift råka då koronaen traff oss? Dette var spørsmålet med stilte; Zpirit, Tveit Rekneskap, Abo Plan & Arkitektur Stord, Heiane Storsenter og fungerande ordførar Jacob Bjelland. Ulike erfaringar og ikkje minst kreative påfunn vart delt med dei 50 deltagarane på frukostmøtet.

**16.  
oktober**

Det var godt oppmøte då me saman med SpareBank1 SR-bank inviterte til frukostmøte den 16. oktober. Sjeføkonom Kyrre Knudsen presenterte konjunkturbarometeret og Varehandelsrapporten for 2019. Flott presentasjon med godt engasjement frå dei frammøtte. Det var mange spanande funn, som mellom anna syntet at Stord klarar seg over gjennomsnittet bra i fylket.

**11.  
november**

vart Vestlandsscenariene 2020 lansert i Sunnhordland i regi av Vestland fylkeskommune. EY Consulting ved Maria B. Helsingreen og Vegard R. Sjursen presenterte endringar og utfordringar for næringslivet i Vestland, med analyse av femten ulike bransjar. Refleksjonen rundt funn i analysen og om næringslivet i Sunnhordland var førebudd på endringane for eksportnæringane våre; vart diskutert av Jane Jünger Wärtsilä Norway, Steinar Røgenes Aker Solutions, Håvard Tvedte NCE Maritime CleanTech og Astrid Kjellevold Atheno. Anne-Grete Sandtorv i Stord Næringsråd styrte ordskiftet.



Frå lanseringa Vestlandsscenariene 2020 den 11.november

# Medlemmer



ABACUS-IT AS  
ABB STORD  
ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS  
ADECCO NORGE AS  
ADVANTEC AS  
ADVOAKATKONTORET SUNNHORDLAND AS  
AG MG INVEST AS  
AKER SOLUTIONS  
AKTIV SUNNHORDLAND  
AKTIMED NORGE AS  
AKTUM EIGEDOMSUTVIKLING AS  
ALLIANCE+ AS  
ALMAAS HOTELL STORD AS  
AMFI STORD SENTERFORENING  
ARITECH AS  
ATHENO AS  
AXENTA AS  
AZETS INSIGHT AS avd. Bømlo  
BAKERIET FRUGÅRD  
BDO AS  
TORE M BJELLAND  
BK MARINE AS  
BRALUNSJ.NO  
BRILLERIET AS  
BYRÅET SYDVEST  
BYTUNET AS  
CITYCON HEIANE DRIFT AS  
COACH SANDTORV DEVELOPMENT  
COAST APARTMENT AS  
COGNIZANT  
CONTESTO AS  
DNB  
ECIT STORD AS  
ELDØYANE NÆRINGSPARK AS  
W. ENGELSEN ETTF AS  
ENGEVIK BYGGSENTER AS  
ERKO SETTEFISK AS  
EXPERIS AS  
FINERO AS  
FITNESSINVEST  
FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN  
FRAMCOM AS  
FRONTA AS - FRONTAGRUPPEN  
FUNKWORKS AS  
FYLKESNES BIL AS  
JOHN FØRLAND  
GALLERI GIGA  
GENIE AS  
GLASS & BYGGTEKNIKK AS  
GRAND HOTELL STORD AS  
GROV FORSKALING AS  
GROV GRASKLYPP AS  
HAGA MAT AS  
ODD HANSEN PROSJEKT AS  
HAUGALAND KRAFT AS  
HEIANE BIL AS  
HELLE ELECON  
HSO - HAUGALAND & SUNNHORDLAND  
OPPLÆRINGSKONTOR FOR ELEKTROFAG  
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET  
IBOX  
IF SKADEFORSIKRING  
INGENIØR ØYVIND JØRGENSEN AS  
INTEROPTIK SELE AS  
INVIA AS  
ISS FACILITY SERVICES AS  
KAIBAKKEN HOLDING AS  
KINNARPS AS avd Bergen  
KLEIVO HOLDING AS  
KONTADO AS  
KPMG AS  
KUNNSKAPSHUSET AS  
MAGNE LANGÅKER, FOTOGRAF  
LEARNTFLY.NO  
LEIRVIK AS  
LEIRVIK SENTRUMSFØRENING

LINK ARKITEKTUR

LIV's SYNYTT

LK INTERIØRARKITEKTUR AS

JON LUND

LAASTAD PLUSS & MINUS AS

MEDIEHUSET SUNNHORDLAND

MS SUNNHORDLAND

MULTICONSULT

NAV ARBEIDSLIVSSENTER HORDALAND

NAV SUNNHORDLAND

NCE MARITIME CLEANTECH

NITO NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND

NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS

NORENGROS K.J.BRUSDAL AS

NORSEA STORDBASE AS

NUEN

OPERO AS

GUNVALD OTTESEN

PACTA AS

PEOPLE STORD

PRINT OG RAMME AS

RAGN SELLS AS

RANDSTAD AS

RENEVO

RESPONSA

ROS MARI SMYKKEBUTIKK

SALT SHIP DESIGN

SERIT IDRIFT

SKAG DESIGN

SKJÆRGÅRDSERVICE AS

SKYE SOLUTIONS, AVD.STORD

S. KNUDSEN HOLDING AS

SPAREBANKEN VEST

SPAREBANK 1 SR-BANK, Stord

STOMAS AS

STORDING AS

STORD ANLEGG AS

STORD EIENDOM

STORD ENGINEERING AS

STORD FOLKEHØGSKULE AS

STORD HELSEPARK

STORD HOLDING AS

STORD HOTELL AS

STORD INNKVARTERING

STORD KOMMUNALE EIGEDOM AS

STORD KOMMUNE

STORD KONFERANSEENTER/VEVOS AS

STORD MOBILKRAN AS

STORD VIDAREGÅANDE SKULE

STORD24

STUDALEN AS

SUBSHORE.NO AS

SUNNHORDLAND BIL AS

SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS

SUNNHORDLAND MUSEUM

SUNNHORDLAND TRAFIKKOPPLÆRING AS

TADA

TEKNISK BUREAU

TESS

TIDE BUSS AS

J. TUFTELAND AS

TVEIT REGNSKAP AS

TYSNES SPAREBANK

VALVATNE-GRUPPA

VARMTHUS HANS INGVAR ROMSLOE

VELVÆRETUNET AS

VESTBO

VEST LYDSERVICE AS

VIKSE AS

WÄRTSILÄ NORWAY AS

YTRE SUNNHORDLAND OPPLÆRINGSKONTOR

YSST HMS

ZENIT ENGINEERING AS

ZPIRIT AS

# Hovudsamarbeids-partnarane



## Vestlandets eigen sparebank i 197 år

[www.spv.no](http://www.spv.no)

Sparebanken Vest er ein frittståande sparebank med røter tilbake til 1823. Banken er landets nest eldste bank, og i dag er Sparebanken Vest den tredje største sparebanken i landet. Banken er 60 prosent samfunnseigd og 40 prosent eigd av private eigarar gjennom eigenkapitalbevis på Oslo Børs.

Hovudkontoret ligg i Bergen, og banken yter tenester i personmarknaden, næringsliv og offentleg sektor i Vestland og Rogaland. Sparebanken Vest har 33 kontor - frå Måløy i nord til Nærø i sør med meir enn 700 medarbeidarar.

Forretningsideen til banken er todelt, basert på bankdrift, men

og på samfunnsengasjement. Visjonen til Sparebanken Vest er at alt dei gjer, gjer dei for å bidra til at livet på Vestlandet skal verte enno litt betre. Utanom tradisjonell finansiering, engasjerer banken seg på ei rekke områder. Eksemplar på dette

er initiativtakar og støttespelar i ei rekke klyngjesamarbeid, finansiell støttespelar til studieprogrammet brytingstid på NHH, arrangør av Vestlandskonferansen som er ein møteplass for vestlandsbedrifter, samt at me tilbyr eit profesjonelt tilbod til start-up selskap på Vestlandet.

Dei siste 10 åra har banken delt ut over 1 milliard kroner til allmennytige føremål på

Vestlandet. Nytt av 2020 er at Sparebanken Vest innfører kundeutbytte kombinert med gåvemidlar. I 2020 vart det bli utdelt totalt MNOK 389 i kundeutbytte og gåvemidlar. Banken støttar ei rekke lag, organisasjonar, arrangement, festivalar, klyngesamarbeid, næringsforeiningar og andre foreiningar i lokalsamfunna på Vestlandet. På grunn av Koronasituasjonen oppretta banken i mars 2020 eit ekstraordinært koronafond på MNOK 100 for å støtte lag og organisasjonar som har mista arrangementsinntekter eller fått auka kostnadar, som følgje av det spesielle året me har lagt bak oss.

Saman gjer vi det betre.



## tittel tittel

Det har vore høg aktivitet på Kværner Stord også i 2013. Mellom anna med å gjera ferdig dei to store dekksmodulane til ConocoPhillips si nye plattform på Eldfisk 2/7S. I tillegg er bedriften godt i gang med å byggja produksjonsplattforma som Lundin Norge skal ha på Edvard Grieg-feltet; og førebuingane til å utvida gassanlegget på Nyhamna i Aukra kommune.

I januar vart det kunnjort at verdien på Nyhamna-kontrakten med Norske Shell var oppjustert frå seks til 11 milliardar kroner. Og i februar bestemte ConocoPhillips seg for å be Kværner Stord om å gjera Eldfisk-plattforma ferdig i havet. Eit

[www.akersolutions.com](http://www.akersolutions.com)

tilleggsarbeid til 400 millionar kroner. Store investeringar i menneske og utstyr understrekar at Kværner Stord har god tru på framtida.

Den nye super-kranen Storen er eit synleg prov på det – og eit nytt landemerke for heile Sunnhordlandsregionen.



## – et selskap som går «motstrøms»

[www.hkraft.no](http://www.hkraft.no)

Strategien vår går «motstrøms» i forhold til store deler av bransjen. Vi ønsker å ha mest mulig ressurser i eget hus. Vi ønsker vekst fordi vi i en større enhet er bedre rustet til å trygge og utvikle arbeidsplasser, og over tid vil bidra til mer effektiv drift. I alt vi gjør har HMSiktigst fokus; «Ta to» før du setter i gang arbeid og vurder sikkerhetsrisikoen. Vi fokuserer på effektivitet, og utstyrrer våre ansatte med moderne verktøy. Vi tror på desentralisert arbeidsmodell og fremtidsrettet digitale kundeløsninger. Stord er et viktig knutepunkt for all vår satsing i Sunnhordland.

Haugaland Kraft er opptatt av å utvise stort samfunnsansvar og tar sikte på å være en av de største lærebredriftene i regionen. Vi ble i 2019 kåret til årets lærebredrift av Rogaland Fylkeskommune og i juryens begrunnelse stod det blant annet:

Haugaland Kraft kjennetegnes blant annet av å ha et godt system for opplæring av læringer og lærekandidater, samarbeid med skoler og jobber aktivt med å skape et godt arbeids- og læringsmiljø som fremmer utvikling og læring, både som fagarbeidere og menneske.

I Haugaland Kraft har vi en målsetting om at ti prosent av de ansatte skal være læringer eller ansatte med avtale om arbeidstrening. I 2020 utgjorde lærlingene og ansatte på arbeidsutprøving 9 prosent av de fast ansatte. Konsernet jobber aktivt med rekruttering av læringer og har et engasjement for de som ikke går standardveien til fagbrev.

Vi er også en betydelig bidragsyter til kultur- og idrettslivet, samt frivillig barne- og ungdomsarbeid på Stord

**Haugaland Kraft er med på å bygge regionen Sunnhordland – Haugaland – Kvinnherad - Indre Ryfylke**



# Framtid

**Styret trur 2021 også i stor grad vert prega av korona, og at næringslivet vårt må leve med usikkerheit om kva tid me er ferdig med avstandsreglar og andre avgrensande tiltak for næringslivet.**

I tillegg vil me sjå varige endringar i reise- og handlemønster som påverkar næringslivet vårt. Som interesseorganisasjon for næringslivet vert det viktig, saman med andre aktørar, å sikra arbeidsplassane samstundes som me legg til rette for endringane. Det grøne skiftet kjem raskare og EU sin Green Deal krev at me tar ein posisjon for framleis å bidra til sysselsetjing og verdiskaping på Stord. Biogassfabrikken på Eldøyane har potensial til å bli eit nytt industrieventyr, og me set stor pris på at Renevo vert med som ein av Stord Næringsråd sine fire hovudsamarbeidspartnerar frå 2021. Stord Næringsråd vil fram mot sommaren jobba med sirkulærøkonomiprosjektet Levande

Tekstil som ein del av stillinga til dagleg leiar. Prosjektet skal innafor nytt regelverk frå EU for avfallshandtering og produsentansvar for tekstil, finna forretningsmoglegheiter for næringslivet lokalt.

”

**Biogassfabrikken  
på Eldøyane har  
potensial til å bli eit  
nytt industrieventyr**

Den 17. februar vert det avspark for Nullutsleppskommune 2030. Stord kommune har satt seg eit klart mål kor både innbyggjarane og næringslivet saman med kommunen må bidra. Dette vert eit spanande tiår, kor berekraft vert implementert i alle ledd.

Folk i sentrum arrangementet vert planlagt 6.- 9.mai i samarbeid med Stord kommune og Stord Friidrett som arrangerer Sunnhordland Maraton. Saman med DNB vil me dela ut «Folk i sentrum prisen».

Me planlegg Stordkonferansen 17. juni 2021, og vil rundt påske ta stilling til om konferansen vert delvis digital eller me klarar å samle alle fysisk på Stord Hotell. Nettverk U37 vil ha ein aktiv rolle på Stordkonferansen.

Fokus på god infrastruktur for at næringslivet vårt skal vere konkurransedyktig vert framover ei av dei viktigaste sakene å jobba med. Det er høyringsrunde på Regional Transportplan (RTP) vinteren 2021, og me skal følje Hordfast og andre viktige prosjekt heilt til NTP vert vedtatt i Stortinget før sommaren 2021.

Stord Næringsråd forventar vedtatt framdrift i kommuneplanarbeidet og involvering av næringslivet.



*Stord Helsepark vert eit loft for Leirvik sentrum når den opnar sommaren 2021. Satsing på sentrumsutvikling frå kommunen si side vil også bidra til å styrke handels- og næringsaktørane i byen.*

**Stord, den 10.mars 2021**

## **Styret i Stord Næringsråd**

**Karoline Eldøy**  
Styreleiar

**Einar Almås**  
Nestleiar

**Martin Tveita**  
Styremedlem

**Mats Toning**  
Styremedlem

**Kristine Aarsand Engelsen**  
Styremedlem

**Øystein Kvalvik**  
Styremedlem

**Odd Naustdal**  
Styremedlem

# Resultatregnskap

Tittel	Note	2020	2019
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Salgsinntekt		1 313 209	1 929 239
Sum driftsinntekter		1 313 209	1 929 239
Varekostnad		190 017	660 321
Lønnskostnad	4	1 001 789	960 646
Annen driftskostnad	4, 5	244 813	271 749
Sum driftskostnader		1 436 619	1 892 716
Driftsresultat		-123 410	36 523
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		1 420	1 528
Annen rentekostnad		728	666
Resultat av finansposter		692	862
Årsresultat	6	-122 718	37 384
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital		0	37 384
Overført fra annen egenkapital	6	122 718	0
Sum overføringer		-122 718	37 384

**Stord, XX.XX.2020**

**Karoline Eldøy**  
Styreleiar

**Einar Almås**  
Nestleiar

**Martin Tveita**  
Styremedlem

**Kristine Aarsand Engelsen**  
Styremedlem

# Balanse

Eiendeler	Note	2020	2019
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	40 000	40 000
Sum finansielle anleggsmidler		40 000	40 000
Sum anleggsmidler		40 000	40 000
<b>Omløpsmidler</b>			
Fordringer			
Kundefordringer	1	60 625	2 580
Andre kortsiktige fordringer		13 679	1 463
Sum fordringer		74 304	4 043
Bankinnskudd, kontanter o.l.	2	221 140	412 504
Sum omløpsmidler		295 444	416 547
Sum eiendeler		335 444	456 547
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Oppjent egenkapital</b>			
Oppjent egenkapital		265 058	227 673
Årets resultat	6	-122 718	37 384
Sum oppjent egenkapital		-122 718	37 384
Sum egenkapital	6	142 340	265 058
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		7 807	1 152
Skyldig offentlige avgifter		71 092	86 252
Annен kortsiktig gjeld	7	114 205	104 085
Sum kortsiktig gjeld		193 104	191 490
Sum gjeld		193 104	191 490
Sum egenkapital og gjeld		335 444	456 547

**Mats Tonning**  
Styremedlem

**Øystein Kvalvik**  
Styremedlem

**Odd Naustdal**  
Styremedlem

**Anne-Grete Sandtorv**  
Dagleg leiar

# Noter

## Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

### Regnskapslov

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger, og er avlagt i samsvar med regnskapslov og god regnskapsskikk i Norge for små foretak

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen av eiendeler og gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realiteter, ikke bare juridisk form. Betingede tap som er sannsynlige og kvantifiserbare, kostnadsføres.

### Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

### Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

## Note 1 - Kundekrav

Kundekrav er bokført til pålydende. Det er avsatt kr 2000 til dekning av tap.

## Note 2 - Bankinnskudd - bundne midler

Av totale bankinnskudd er kr 36 636 bundet til skyldig skattetrekk.

## Note 3 - Aksjer i andre foretak

Anleggsmidler	Anskaffelseskost
Atheno AS	20 000
Hordafast AS	20 000
Sum	40 000

# Noter

## Note 4 - Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

	2020	2019
Lønninger	858 610	813 383
Arbeidsgiveravgift	117 429	117 162
Pensjonskostnader	19 094	17 551
Andre ytelser	6 657	12 550
<b>Sum</b>	<b>1 001 789</b>	<b>960 646</b>

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1

### Ytelser til ledende personer

	Daglig leder	Styre
Lønn	843 075	0
Annen godtgjørelse	7 200	

### Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjør kr 7 599,-

## Note 5 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2020	2019
Leie lokaler	53 409	49 146
Utstyr	253	323
Regnskapsfører	50 008	71 442
Kurs/arrangement	48 332	50 990
Kontorutgifter	29 857	29 606
Andre driftskostnader/tap på krav	62 953	70 242
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b>244 813</b>	<b>271 749</b>

## Note 6 - Egenkapital

Egenkapital 01.01.2020	265 058	
Årets endring i egenkapital - årets resultat	-122 718	
Egenkapital 31.12.2020	142 340	

## Note 7 - Annen kortsiktig gjeld

	2020	2019
Skyldige feriepenger	-107 420	-99 085
Påløpne honorarer	0	-5 000
Andre påløpne kostnader	-6 785	0
<b>Sum</b>	<b>-114 205</b>	<b>-104 085</b>



HAUGALAND KRAFT

*din egen kraft*

# SNR

## VI GIR KRAFT TIL EN STERK OG ATTRAKTIV REGION

Haugaland Kraft er stolt hovedsponsor for Stord Næringsråd. Sammen skal vi styrke og utvikle lokalsamfunnet.





Norwegian Centres of Expertise

**NCE Maritime CleanTech**

spirit

# Out of the blue comes green

## Grønare og smartare gjennom samarbeid

NCE Maritime CleanTech samlar deltagarar frå heile den maritime verdikjeda og energisektoren. Gjennom samarbeid i klynge utviklar me nye energieffektive løysingar og banebrytande miljøteknologi som reduserer skadelege utslepp frå maritime aktivitetar.

Følg oss  
[in](#) [f](#) [t](#) [o](#)

Lær meir på  
[maritimecleantech.no](http://maritimecleantech.no)

